Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1

Emnenr. 76 | Fylke: Vest-Agder
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Laudal
Emne: Dei „kloke" | Bygdelag:
Oppskr. av: T. K. Steinsland | Gard:
(adresse): Laudal | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Høyrt av gamle folk

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Beste bygdedoktaren her i Laudal heitte Hans Raddan. Han budde på heimgarden Raddan i Laudal. Dotterson hans er kaptein Hans Raddan som nå bur i Halse og Mandal, så vidt eg veit. Hans Raddan var ein hjelpsam og grei mann og ein strevsam bonde. Men mest kjend var han som bygdedoktar ikkje berre i Laudal, men og rundt i grannebygdene. Han levde i kring 1850 og åra utover. Han dreiv ikkje nett med det dei kalla trolldom (magi). Lækjerådene som han nytta hadde han nok lært av gamle, kloke folk, og mykje hadde han nok lært av eiga røynsle.
Han var sterk til å spjelka beinbrot og til å skilla lemer som var ut-or led. Men ein gong mistukkast det for Hans. I Hægebostad budde det ein mann som heitte Gabriel Ykkandal. Han var ein

15523

stor og sterkbygd kar, men helst noko utkjæren av seg. Så kom han i slagsmål med ein - heitte Torkjell Løland. Det var Gabriel som egla seg inn på han. Men då fekk han kjenna det. Torkjell bråut han bak-over så mjødnå (hofta) gjekk or led. Så låg Gabriel sundbroten og hjelpslaus heime ei tid. Men så fekk det han ut til tinget på Snartemo, og så skulle Hans Haddam få hofta i led att. Han fekk med seg nokre karar til hjelp. Dei la Gabriel på eit bord, og Hans vreid og vrikka og drog, medan Gabriel skreik og jamra seg. Men, uråd var det. Hofta kom ikkje i led att.

Gabriel vart gåande all sin dag med hofta or led. Han halta fælt, men nådde høg alder. Eg minnest han var i heimegrenda då eg var liten, og utleidde om grensene i skogen.

Mange undra seg over at det ikkje lukkast for Hans denne gongen. Men gamle Andreas Glefne, bjørneskyt-taren, løyste gåta. "Å", sa han, "Hans var ein klok mann. Han såg fort at Gabriel var ei ukjæte, ei rivbikkja, og difor gjordest han på. Han skjøna at det var nok best at Gabriel vart gåande som han var." Kan hende Andreas hadde rett. Visst er det at Hans var psykolog.

Hans laga medisin av urter og blomar, og litt fekk han vel frå apotek.

15523
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Grånepläster (laga av granharpeis og
feitt) smurde han på sår. Denne smö-
-ringa var mytje nytta. Gamle Knut på
Rudvollen fortalde meg at fuglar brúka
harpeis når dei hadde sår. Han skam
-skaut ein gong ein tere (tiur) med rifla
si. Nokre dagar seinare skaut han te-
-ren under ei gran. Teren hadde fått
eit streifskot. Så kunne han sjå kor
teren hadde gått rundt grana, hakka
ut harpeis og så stappa holet etter
kula fullt av harpeis slik at at vate
og rusk itkje skulle koma inn.
Hans var så trugen kyrkjegåar. Etter
-preika tok han inn i naraste stova,
og der kom dei som feila eitkvart.
Han hadde smöring og slikt med, og
så koppehornet og „Lottkejanne" (verkty)
til kopping og åreláting. Folk trudde
så svært på kopping og lating i den ti-
-da. Det var beste råda mot ryggverk
og gikt. Å lata var å slå hol på
ei blodåre og så lata noko blod
renna ut. Dette sette meir liv og
fart i blodlaupet, så blodet fekk
nya seg opp. Eg kan minnast at
Oldefar „lett" mor då eg var liten.
Ein gong såg eg på ei „kopping". Det
var Ola Knutson som „koppa" (mot
gigt i armen) Fyrst sette han koppe-
hornet (eit stutekom med tunt skinn
over holet i den spisse enden) på ar-
-men og saug opp ein „kopp". Så rek-
-ka han hornet laust att, tok så kop-
-peöksa (ei bitte, litte lita öks 7-8 cm
lang) slo på henne med ein liten
hamar nokre hol i koppen", så det



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15523

tok til å blöda. Så sette han hornet på koppen att og saug ut blod.







Pikkejedn
(Hakkejern)
Verkty til kopping
og lating.




Hans kaddan og dokta-
-rane kom kje akkurat så serleg godt ut av
det med kvarandre. Men einskilde dok-
-tarar hadde interesse for Hans og rådene
hans. Dei spurde han ut om både eitt og
hint, og dei skjöna at han var noko meir
enn ein vanlig kvakksalvar. Hans hadde fle-
-re råder mot magesjuke. Ein dokter
spurde han ut om dette, og eg har höyrt
at doktoren tykte det var svært nyttige
råder han hadde.
Sjöl sjölvst alle i den tida hadde
Hans sterk tru på brennevin. Hollandsk
„sjenever“ og fransk druebrennevin
var det han brukt både til innvortes og
utvortes bruk. Brund sukker var og
godt for sjuke folk.
Ei dotter (eller dotterd.?) til Hans
reiste til Amerika og vart dokter der
har eg höyrt

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15523

5

Tille Bertine Tinnagel var „nevekona"
(jordmor) Utdaning hadde ho ikkje, og
ikkje var ho tilsett. Men i gard og grend
vart ho henta, når born skulle fødast.
Folk hadde stor tru på henne, og difor
vart ho henta, også etter at utdanna jord-
mor var tilsett.

Tille Bertine var føda i Finsland 1834.
Ho døyade i Laudal 1930. Ho var flink i
handarbeid, dreiv med veving og linflet-
ting like til det siste. Ho fortalde mykje
om barneåra sine då ho gjætte, og det
var bjørn i skogane. Det eine ho kunne ho
minnast Ola Songesand (Pilt-Ola) då
han var rundt i bygdane og samla
pengar til skrubbeutbyddinga. Han
laga eiter (gift) og la ut åte, og koss
det nå var - skrubbane kvarv frå sko-
gane.

Mannen til Tille Bertine, Ånen
Heggland Tinnagel, var „tannlækjar".
Han var så svært flink til å ta ut ten-
ner, og til han kom dei når tannver-
ken plaga. Men ein ting var rart. Når
dei kom så langt at dei kunne sjå
huset hans Ånon - så stansa verken.
Ånon var så svært hendig. Han laga seg
ei tong til å ta ut tenner med, og
denne tonga var så lurt laga at Ånon
greidde tennene både fort og lett, same
kor vrange dei var. Då Ånon døyde,
kom tonga på lån, og så kom ho bort. Det
var så harmeleg, sa Tille Bertine.

Det kom vel med at det
fanst kloke og hjelpsame folk i bygde-
ne i gamal tid.

Doktarar var det få av. Lang

15523
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

var vegen, og dyrt var det å henta dok-tor. Fattigdomen var så stor i bygdene at folk laut hjelpa seg som dei best kunne.

Mange av desse "kloke" menn og kvinner var ofte i sanning kloke. Dei var psykologar, hadde godt humor, kunne nytta suggesjonen, ja einskilde kunne nok hypnotisera. Slik var det med Torjus i Lia frå Dagebostad (kring 1845). Kari med steinen, fanteskjerringa, kunne stramma nokon kvar med trugsmål og stygge ord. Med Torjus sette henne fast, sa ho sat med på bakenden og der vart ho sitjande til Torjus løyste henne. Torjus hadde slike vitormun, og han hadde Svartboka, sa folk. Han skjøna seg på trolldom, og han var vis. Men han var ein snill mann, gjorde ikkje gale og vondt, men mykje godt. Eg minnest ein mann som fortalde korleis Torjus lækte han ein gong han stakk seg med ein kniv i andletet. Torjus vaska fyrst såret i fransk druebrennevin, skrapa så ein toskilling rein og blank og la han på såret, så det skulle gro godt innafrå.

Svartboka etter Torjus kom til Lars Lauen, læraren til far min, derifrå til ein bakar, og der vart ho oppbrend, er det meg fortalt.

15523

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 15523

# Gamalt frå Hægebostad. V.-Agder.

I heimbygda mi Hægebostad, heldt gamle sider og trur lenger enn her i Laudal.

Bygdedoktaren Torjus i Lia var vis, og eg minnest ein gamal mann som fortalde koss Torjus fekk visdomen. Mor hans var ei klok kone som kunne meir enn folk flest. Noko heitte det ho hadde lært av ein prest som var etta frå den vise Bjellandspresten. Ein dag koka ho ein vitorm i gryta, skulle kan hende laga ein eller annan mystisk medisin. Torjus var liten då. Nå, sa ho til Torjus, eg skal ut og mjölka. Nå må du endeleg ikkje slikka i den gryta der. Nei, han skulle nå ikkje det. Men han kunne ikkje halda seg. Han smaka litt på "söt" i gryta, og så sprang ut i fjöset til mor si. "Mor, sa han, denne kyra får ein kyrkalv." Mora stokk. "Bare meg," sa ho, "nå har du smaka i gryta. Nå er du vis."

Om vitormen forklåra ein mann dette: Ormen skifter hud. Ytrehuda vert laus, og han dreg ho av seg. Ein sjeldan gong hender at ormen får av seg ytrehuda för underhuda er ferdig. Slike ormar freistar løyna seg best dei kan til underhuda er ferdig og får den mörke leten. Ein får soleis mest aldri sjå dei. Men får ein sjå dei, er dei svært ljose, ja mest kvite på let. Derav namnet kvitorm eller vitorm. Slike ormar kunne nyttast til magi o.s.v.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 15523

Oldefar min var lækjar for ein sjukdom dei kalla ristå (utslett i andletet). Dei laut gå til han med same han vakna om morgonen. Så sputta han dei over heile andletet og gnika spyttet godt inn i huda. Det var medisin i spyttet hans, for han hadde ein gong drepe ein odr (oter) og sleika tunga hans. Det laut til.

Torgeir i Lia kunne lækja all slag sjukdom d.v.s. dersom det ikkje var sjølve døden. Var det det, så var levetida slutt, og ingen kunne hjelpa.

Mot tannverk nytta han gamal sauelort. Han gjekk ut i fjøset, leita somtid lenge til han fann ein lort som hadde den rette lukt og kulør. Den gnura han i verketonna, og så stogga verken.

Presten Smith i Hagebostad dreiv og som doktor.
Han hadde nok lærdom frå doktarbøker. Men han eksperimentera mykje på eiga hand.
Han fann ut at trua hadde så mykje å seia. Kunne han berre få folk til å tru på medisinen, så hjelpte det gjerne, sjølv om det ingen medisin var, men berre vatn (miksa saman med eit eller anna med rar lukt eller smak) og så latinsk namn og så ei streng oppskrift om bruken.

15523
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING